

## KARTLEGGING AV DEI ULIKE PENSJONSORDNINGANE I DEN EINSKILDE KOMMUNE

### Bakgrunn

Førebuande Fellesnemnd har tinga ei kartlegging av dei ulike pensjonsordningane i kommunane som skal utgjere vår nye kommune etter samanslåinga i 2020. For å svare på denne tingenja er det oppretta ei prosjektgruppe med deltagarar frå økonomiavdelingane i dei tre kommunane. Sekretariat har vore økonomiavdelinga i Fjell kommune. Det er utarbeidd ein pensjonsanalyse i form av ein rapport. Rapporten er utarbeid av Gabler AS og følgjer saka. Tala i rapporten er basert på uttrekk frå medlemsmassen i dei tre kommunane. Vidare har gruppa hatt møte med KLP og presentasjonen vist i møte følgjer og saka. Det er og motteke informasjon frå Grieg Investor som er rådgjevar for Fjell kommunale pensjonskasse. Også denne informasjonen er lagt ved saka.

### Ulike pensjonsløysingar

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har alle ordningar med tenestepensjon for dei tilsette basert på ytelsespensjon. Dette inneber at pensjonen til den einskilde i utgangspunktet er fastsett til 66 % av løn ved pensjonsalder 67 år. Ordningane er tariff-festa i avtaler mellom KS og dei ulike fagforeiningane i kommunesektoren.

I ein innskotspensjonsordning er verksemda si innbetaling til pensjonsordninga fastsett som ein prosent av den tilsette sin løn. I motsetning til ytelsespensjon er ikkje nivået på pensjonen ved oppnådd pensjonsalder fastsett, men er avhengig av innbetalingane, avkastning på kapitalen og kor lang utbetalingstid den tilsette gjer val om. Dette er den mest vanlege pensjonsordninga i privat sektor.

### Ulike pensjonsleverandørar

Kommunane har ulike leverandørar for å ta hand om pensjonsordningane. For alle kommunar gjeld det at lærarane har pensjonsordning i Statens Pensjonskasse (SPK). Dette er lovfesta. Vidare har sjukepleiarane tariff-festa at deira pensjonsordning skal vere i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

For alle andre tilsette står kommunen fritt til å velje sin leverandør av pensjonstenester. Fjell kommune oppretta i 2006 eigen pensjonskasse, Fjell Kommunale pensjonskasse (FKP). Kommunane Sund og Øygarden har KLP som pensjonskasse for desse ordningane. Sund kommune har tidlegare nytt DNB (Vital). Sotra Brannvern og Fjellvar AS er med i FKP. Fjell Fellesråd, Sund sokn og Øygarden kyrkelege fellesråd er med i KLP.

I den vidare kartlegginga er ikkje lærarordninga i SPK og sjukepleiarordninga i KLP omfatta, då desse ordningane må vidareførast slik dei er i vår nye kommune.

## Medlemstal

	Sund	Øygarden	Fjell	Sum
Tal Aktive	499	462	1 572	2 533
Tal uføre	59	51	145	255
Kvinner Aktive	438	372	1 262	2 072
Kvinner uføre	52	48	138	238
Menn Aktive	61	90	310	461
Menn uføre	7	3	7	17
Kvinneandel aktive	88 %	81 %	80 %	82 %
Kvinneandel uføre	88 %	94 %	95 %	93 %
Gj.snitt alder aktive	42,41	43,18	42,26	42,46
Gj.snitt alder uføre	56,26	55,34	53,97	54,77
Gj. snitt PGRL aktive	308 152	334 137	318 102	319 067
Gj. snitt PGRL uføre	359 285	356 831	226 148	283 089
Gj.snitt aktiv stillingsprosent aktive	71	73	70	71
Gj.snitt aktiv stillingsprosent uføre	18	11	17	16
Andel uføre (uføre/totalt antall)	10,57 %	9,94 %	8,44 %	9,15 %
Gj.snitt uføregrad	78,03	83,25	79,43	79,87

Kjelde: Storebrand

Tabellen viser tal for 2016 og viser aktive og uføre fordelt på kjønn. Vidare vises stillingsprosent, del uføre, uføregrad og pensjonsgrunnlag. Tabellen viser tal for den enkelte kommune og samla for vår nye kommune.

## Særordningar

Alle kommunane har særskilde pensjonsordningar for ordførar, varaordførar og mogelege andre politikarar med frikjøp av stillingar. Dette kan gjelde både aktive og tidlegare politikarar.

Tilsette i Sotra Brannvern har tariff-festa særavtaler på aldersgrense. Dette gjeld ikkje administrativt tilsette.

## Utjamningsordning

For å bidra til ein stabil premieinnbetaling kan det mellom anna leggjast til rette for utjamning av AFP 62-64 år. AFP 62-64 år er ikkje en del av tenestepensjonsordninga. Her kan kundane velje full sjølvrisiko (inga utjamning med andre kundar) eller heil eller delvis utjamning. Gjennom å velje utjamning oppnår ein større stabilitet i kostnadene frå år til år.

KLP har ein utjamningsordning som inneber at kunden sjølv (kommunen) kan velje om dei vil delta i ei utjamningsordning som vil dekke 50 eller 100 prosent av pensjonsutgiftene for dei som går av med AFP frå 62 år. I FKP dekker kommunen 100% av dei som tek ut AFP (ingen utjamningsordning). Sund kommune er ikkje med i utjamningsordning. Øygarden kommune er med i KLP sin utjamningsordning med 50%.

## Medlemsfordelar

KLP har følgjande tilbod til medlemane: bustadlån, private forsikringsordningar innan liv og skade samt fondssparing, spare- og brukskonto og BSU. Dette er ordningar som har vore etablert over lang tid. Det er ikkje kartlagt kor mange av dei tilsette i Sund og Øygarden som nyttar seg av desse ordningane.

FKP har nyleg etablert tilbod om bustadlån og diverse forsikringsordningar i Storebrand via pensjonskasseforeninga .

### Kommunal deltaking/medråderett

KLP er eit gjensidig eigmend selskap med avgrensa medråderett. Selskapsmedlemmene (eigarane) i KLP er alle kundar som har offentlig tenestepensjonsordning i selskapet. Selskapets organ er generalforsamlinga, representantskapet, styret, konsernsjef (daglig leder) og valkomitéen vald av representantskapet. Representantar frå kommunen kan få tillitsverv i styrande organ.

Alle kommunane i et fylke utgjør saman med fylkeskommunen kvar sin valkrets, med unnatak av Oslo og Akershus som utgjør en felles valkrets. Kvar av dei regionale helseføretaka med datterselskap utgjer kvar sin valkrets (4), og bedriftene utgjer samla éin valkrets. I kvar valkrets vert det helde valmøte som vel representantar til generalforsamlinga. Tall stemmer er knytt til størrelsen på kundeforholdet.

Dette gjer generalforsamlinga:

- Godkjenner årsrekneskap og bruk av overskot eller dekning av underskot
- Godkjenner årsmelding
- Veljar kontrollkomité og 24 av representantskapets 45 medlemmar
- Fastset godtgjersle til representantskap og kontrollkomité
- Vedtek eventuelle endringar i KLPs selskapsvedtekter

FKP er ein sjølvstendig juridisk eining klassifisert som pensjonskasse. Etter finansloven skal selskapet vere uavhengig av kommunen. Styremedlemmane vert peika ut av kommunestyret. Eit av styremedlemmane skal ikkje ha tilknyting til kommunen. I tillegg har dei tilsette 2 representantar.

Totalt er det 7 medlemmer.

## Pensjonsmidlar/kapitalbase

Midlane for Sund og Øygarden er i KLP medan midlane for Fjell er i FKP. For fusjonerte tal er det teke omsyn til effekt på eigenkapital som følgjer av flyttereglar til og frå KLP.

	Sund	Øygarden	Fjell	Fusjonert
PremieReserve	282 423	276 420	749 964	1 308 807
<b>SELSKAPSBUFFER</b>				
Egenkapital opptjent			20 246	20 246
Merverdi obligasjoner			7 304	7 304
Kursreserve under 2%			14 999	14 999
Risikoutjevningsfond			3 785	3 785
Samlet selskapsbuffer	-	-	46 334	46 334
<b>KUNDEBUFFER</b>				
Egenkapital innskutt	8 479	8 299	48 394	65 172
Tilleggsavsetninger	11 683	16 253	25 062	52 998
Kursreserve over 2%	11 288	14 224	39 145	64 657
Samlet kundebuffer	31 450	38 776	112 601	182 827
<b>SAMLET BUFFER</b>	<b>31 450</b>	<b>38 776</b>	<b>158 935</b>	<b>229 161</b>
<b>SAMLET PENSJONSMIDLER</b>	<b>313 873</b>	<b>315 196</b>	<b>908 899</b>	<b>1 537 968</b>
Buffer i % premiereserve	11,14 %	14,03 %	21,19 %	17,51 %

Alle summar er i hele tusen

Pensjonsmidlane er rekna som den kapital som kommunane faktisk rår over.

I ein pensjonskasse eig kommunen også den bufferkapital som er omtala som selskapsbuffer.

Selskapsbuffer i KLP inngår ikkje i pensjonsmidlane fordi den bufferen vert disponert i sin heilskap av KLP.

### Utvikling i premiereserve

Fjell kommunale pensjonskasse vart etablert i 2006. I perioden frå 2006 til 2016 har premiereserven hatt ein vekst på 11,6% årlig. Dette er noko høgare vekst enn tilsvarende periode i KLP. Veksttakten relativt til KLP er fallande noe som vises i veksten frå 2012. Den ligg 2% under KLP.

Tabellen under viser utviklinga i premiereserven for Fjell kommune. Med premiereserve er meint avsetnad til dekning av yttingar som følgje av kontrakt overfor dei som er forsikra, inklusive administrasjonsreserve til dekning av framtidige kostnader.

Premiereserve	FPK vekst	KLP vekst
siden 2012	136,9 %	152,8 %
siden 2009	202,7 %	200,0 %
siden 2007	260,4 %	234,4 %
siden 2006	298,8 %	261,6 %
siden 2012 årlig	6,48 %	8,85 %
siden 2006 årlig	11,57 %	10,10 %

Vi har ikkje informasjon om vekst-takten i premiereserven i Sund eller Øygarden.

### Avkastning i FKP i høve KLP

Den verdijusterte avkastningi for FKP har variert i perioden, men pensjonskassen har registrert ein høgare verdijustert avkastning enn KLP sidan oppstart og dei siste 5 åra. Avkastninga på pensjonsmidlane i Sund og Øygarden er ikkje rekna ut særskild. Avkastninga i KLP er ei tilnærming, men det er uvisse om den faktiske avkastninga på pensjonsmidlane i Sund og Øygarden ville følgd avkastninga som er rapportert frå KLP.

	KLP verdijust	FPK verdijust
2016	5,7 %	5,0 %
2015	4,7 %	4,7 %
2014	6,1 %	6,7 %
2013	6,2 %	8,0 %
2012	6,7 %	6,5 %
2011	3,2 %	7,7 %
2010	7,5 %	9,8 %
2009	7,7 %	-1,3 %
2008	-3,0 %	4,1 %
2007	6,7 %	5,7 %
siden 2012 årlig	5,88 %	6,17 %
siden 2006 årlig	5,11 %	5,65 %

### Flyttereglar

Dersom ei pensjonsordning vert flytta til KLP vil ordninga få nytte godt av den felles eigenkapital som er tent opp i KLP over tid. Dette gjer at ein sparer pengar på å flytte ei ordning frå eigen kasse og inn i KLP. Tilsvarande vil ein tape pengar dersom ein flyttar ei ordning ut av KLP. Delar av eigenkapitalen vert då liggande igjen i KLP.

Dersom vår nye kommune nyttar KLP som ny leverandør og flyttar midlar tilhørande Fjell kommune frå FKP og over i KLP, vil dette frigjere netto om lag 110 mill.

Denne kapitalen vil gje årleg avkastning og kan nyttast til å redusere framtidige pensjonspremier.

Verdien av årlige forskjellar kan sjåast på i eit noverdiperspektiv (dagens verdi av framtidige pengesummer). Dei årlege innsparingane kan fortsette i ei årrekke. Gabler har i sin analyse nytta 15 år. Ein noko forenkla metode vert då å estimere noverdien ved å multiplisere årleg forskjell med 15.

Frigjort kapital		110 771
Sparte renter på frigjort kapital		-7 291
Tap av EK innskudd		21 258
Tap ved hastesalg av eiendeler		ikke tallfestet
Tap ved høyere fremtidige premier		160 978
Arbeidsgiveravgift	14,1 %	24 667
Samlet effekt inklusiv arbeidsgiveravgift		199 611

Gabler anslår at betalt premie samla sett over en 15 års periode vil vere om lag 199 mill høgare ved å velje KLP som framtidig leverandør samanlikna med det å ha eigen pensjonskasse. Men for å oppnå denne økonomiske innsparinga må kommunen binde om lag 110 mill. Dei 110 mill må stillast som sikkerhet og er ikkje eit økonomisk tap. Gabler konkluderer med at avkastninga på denne kapitalbindingen er høg. KLP og Grieg Investor har gjort liknande utrekningar og har kome frå til at pensjonspremien i eigen kasse vil vere om lag 10 mill lågare kvart år enn i KLP. Skilnaden i innsparing vil vere relativt sikre i dei 5 første åra. Men slike utrekningar er usikre i eit lengre perspektiv då det vil vere knytt stor uvisse til føresetnadene mellom anna knytt til finansiell avkastning, rentenivå, regelverk og demografisk utvikling.

Dersom vår nye kommune vel eigen kommunal pensjonskasse som løysing vil Sund og Øygarden legge att om lag 49 mill som «tap» i KLP. KLP bygger opp bufferkapital som ikkje vert utbetalt når ein kunde flytter frå KLP til ein pensjonskasse. Kunden i KLP er med å byggje opp ein buffer som kunden ikkje får eigedomsrett til. Kommunane Sund og Øygarden legger beslag på en selskapsbuffer i KLP på om lag 49 mill. Dette er ein buffer KLP må oppretthalde for å kunne drive

effektivt. Sund og Øygarden eig ikkje denne kapitalen, men må betale for at kapitalen skal oppretthaldast også i framtida.

	Sund	Øygarden	Fjell	Fusjonert
KLP selskapsbuffer	24 606	24 083	-	48 690

KLP stadfester om lag likelydande tal.

I tillegg vil den nye pensjonskassen trenge auka eigenkapitalinnskot for å dekke den nye medlemsmassen. Det er ikkje gjort utrekning for å talfeste dette.